



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Olav Overvoll, 5557 2315

Vår dato
02.12.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/15454 433.9
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Tilskot til tiltak mot vestamerikansk hemlokk i Lindås 2016-2017

Vi viser til møte med Nils Kaalaas i Lindås kommune, den 16.11. d.å, der vi drøfta behov for ytterlegare tiltak mot vestamerikansk hemlokk i Lindås.

På møtet kom det fram at det er mykje spreining av hemlokk frå plantefelt på Spjeldnes. Her er det ønskjeleg å få gjennomført same type tiltak som det som tidlegare er gjort nord for Seim, dvs. hogst av frøtre og rydding av småtre.

Etter avtale overfører vi kr. 40.000 til kommunen sin konto nr. 1603.22.54567. Midlane skal nyttast til vidare tiltak mot vestamerikansk hemlokk i kommunen, i tråd med avsnittet over.

Lindås kommune har tidlegare mottatt kr. 120.000 til tiltak mot vestamerikansk hemlokk: I 2012 kr. 60.000, i 2013 kr. 40.000 og i 2015 kr. 20.000. Midlane har gått til hogst av frøtre og etterrydding av småtre.

Oversikt over økonomi og gjennomførte tiltak, skal sendast Fylkesmannen ved årsslutt (her 2017). Vi viser til økonomireglementet med oppbevaringsplikt i 10 år for rekneskapsdata og dokumentasjon på bruk av tilskot. For tilskot frå 50.000 til 100.000 kroner, skal det leverast skriftlig rapport med rekneskap stadfesta av revisor.

Med helsing

Stein Byrkjeland e.f.
ass. miljøvernsjef

Olav Overvoll
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.